

# Strategi for heilskapleg innsats i Sula kommune


**Dette vil vi:** Den heilskaplege innsatstrappa og bustadtrappa skal vere det felles strategiske rammeverket for berekraftig tenesteutvikling i Sula kommune

## **Slik gjer vi det:**

- Vi skal sikre at strategien er godt forankra saman med dei øvrige strategiene og planane i kommunen sitt plansystem, slik at dei bidreg til ønska samfunnsutvikling i kommunen
- Vi, både tilsette og politikarar, skal ta utgangspunkt i den *heilskaplege innsatstrappa og bustadtrappa som grunnlag* for alle større tiltak og satsingar som kommunen skal gjennomføre når det gjeld tenesteutvikling
- Vi skal *kommunisere til innbyggjarane* kva for tenester kommunen har, og *gi realistiske forventningar* ved å tydeleggjere politisk, til tilsette og innbyggjarar kva som er kommunen sitt ansvar og kva som er innbyggjarane sitt ansvar
- Vi skal videreutvikle kultur og kompetanse for *samskaping og innbyggardialog* (med næringsliv, frivillige lag og organisasjonar og innbyggjarar)




# Sula kommune sitt plansystem




# Den heilskaplege innsatstrappa og bustadtrappa i Sula kommune

## Heilskapleg bustadtrapp



## Heilskapleg innsatstrapp



Tverrfagleg innsats, førebyggjande tiltak, tilrettelegging av bustad, velferdsteknologi mv.

# Strategi for heilskapleg innsats i Sula kommune

**Dette vil vi:** Sula kommune skal legge til rette for at alle innbyggjarar kan meistre eigen kvardag

## **Slik gjer vi det:**

- Vi skal *vidareføre og styrke heimetenestene*, og satse på førebygging og rehabilitering, slik at innbyggjarar kan bu heime lengst mogleg
- Vi skal *samordne og vidareutvikle tildelingsfunksjonen* slik at innbyggjarane opplever den som samanhengande, heilskapleg og godt koordinert (éi dør inn)
- Vi skal gi *råd og rettleiing* tidlegare, før vedtak om tenesteyting og hjelp, for å unngå og utsette behov for kommunale tenester
- Vi skal styrke satsinga på *ambulante helse- og omsorgstenester* for å redusere behovet for døgntenester
- Vi skal satse vidare på *tidleg innsats og auka meistring* for barn og unge
- Vi skal satse meir på *gruppetilbod* retta mot dei vanlegaste utfordringane innbyggjarane har ved å redusere veksten i tal på enkeltvedtak
- Vi skal utnytte *digitale løysingar* for å tilby framtidretta tenester (digitalt førsteval)
- Vi skal vidareutvikle velferdstenester med eit *brukarorientert og aldersvennleg perspektiv*

